



Medlemer frå Fjell Båtlag samla på Friheim Gardsmat saman med vertsskapet Bjørg Inga og Kurt Miljeteig.

25 medlemer frå Fjell Båtlag fekk i dag sjå og oppleva Uskedalen som eit levande lokalsamfunn med rike tradisjonar og nyskaping. Med både sjåfør og omvisar frå Uskedalen vart det ein innhaldsrik tur med nyttig lokalkunnskap og informasjon om bygda før og no. Det var lagt inn stopp på Børnes industriområde, Friheim Gardsmat, Haugland skulemuseum og Bøkkerverkstaden.



Klart for guida busstur med Kristian Bringedal.(Foto: Døssland)

På sine årlege fellesturar i Fjell Båtlag vert det lagt vekt på å gjera seg kjende med den bygda ein legg til kai. Med god hjelp av Uskedal Båtlag var det tinga buss med omvisar. På turen er det viktig å få fram at Uskedalen er ei bygd i utvikling med nydyrking og nyetableringar. Dette er godt synleg på Børnes, men også på turen opp dalen med nye driftsbygningar og nydyrkingsfelt.

Av småskala verksemdar vart det særleg informert om Elins Matgleder og Friheim Gardsmat. Alle kjenner Hjønnvåg, også på Sotra og Fjell. Mange har høyrte om Eidsvik skipsbyggeri med sine fiskebåtar. No kan Eidsvik Eigedom tilby eit sentralt og variert næringsområde for industrietablering.

TIDE sjåfør, Tormod Myklebust, og omvisar, Kristian Bringedal, fekk gode tilbakemeldingar då den nær på 3 timar lange turen var avslutta.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal